



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57 64 31 38
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal

Adresseliste

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2013/4615-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 28.11.2017

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referat etter møte i Fagleg Rådgevande utval 2017

Onsdag 22.nov kl 14.30 – 16.30, Jølster Panorama

Desse møtte:

Erik Solheim – Naturvernforbundet
Kjell Arne Hjellbrekke – Indre Sunnfjord Turlag
Ole Gimmestad – grunneigar Gloppen/Sandane
Nils Magne Gjengedal – grunneigar Gloppen/Hyen
Inge Erikstad – grunneigar Jølster
Rune Holen – Statens naturoppsyn
Håkon Myrvang – styreleiar verneområdestyre
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

Saker

1. Velkommen. Opning av møtet

Møteleiar Håkon Myrvang opne møtet og fortalte litt generelt om styrearbeidet og dei viktigaste sakene som styret har jobba med

2. Informasjon frå forvaltninga

a. Forvaltar orienterte om saker og forvaltning i 2017

- Ein del kurante motorferdselsaker
- Nokre byggesaker. Gjetarhyttesaka der Miljødirektoratet gjorde om verneområdestyret sitt vedtak. Eventuell oppfølging av den saka.
- Skjøtselsplanarbeid i støylsområda
- Uttak av jerv i Gjengedalen i april.



- b.** Tiltak som er gjennomført eller fått støtte i 2017
- Geitabykset (oppstart)
 - Stegsvatnet
 - Arnestadstøylene – skjøtsel og sti
 - Kloppegging – Gjengedalen, Langedalen og Breidalen
 - Nye løveskilt

3. Besøksstrategi

Forvaltar orienterte om arbeidet med besøksstrategi i 2017.

Styret sitt framlegg ligg no hjå Miljødirektoratet for godkjenning før det kan sendast ut på høyring. Direktoratet har bedt om ein del endringar før framlegget kan godkjennast. Forvaltar er i dialog med direktoratet om desse tilbakemeldingane.

Besøksstrategien vil kome på høyring ein gong i løpet av 2018, vonleg so tidleg som muleg.

Innspel frå utvalet til besøksstrategien:

- Det er viktig å skape litt blest og gjere verneområdet meir kjend enn det er i dag.
- Er det råd å få på plass ein naturretteleiar eller liknande som kan reise rundt i innfallsportane i sommarsesongen?
- Det bør trykkast opp eit enkelt kart som syner dei viktigaste vandrerutene.
- Ein bør få til meir samarbeid mellom dei private aktørane rundt heile verneområdet.

4. Aktuelle tiltak i 2018

Aktuelle tiltak som forvaltninga har på blokka for 2018:

- Følgje opp fleirårige planar for skjøtsel og tiltak på Arnestadstøylene
- Gjere ferdig Geitabykset
- Stien til Byrkjeneset
- Bru i Byrkjeneset
- Ura ved Storevatnet
- Skjøtsel på støylane



5. Innspel frå utvalet til styre og forvaltning

Vi hadde ein god prat om merking av stiar.

Det er fleire merka ruter som går gjennom verneområdet. Dei fleste av desse er ein del av DNT sitt T-merka rutenett og går frå viktige innfallsportar (Årdalen, Kandalen, Langedalen, Gjengedalen, Vona og Ålhus) og inn til Longevasshytta.

- Dette med å merke på ein god måte krev kunnskap. Det er mange omsyn å ta om ein skal få til funksjonell merking som turgåarar kan sjå og følgje, men utan at dette «forsøplar» landskapet gjennom overmerking. Kan det vere aktuelt å arrangere eit kurs?
- Vi har nasjonale og internasjonale standardar for både merking og skilting. Desse bør følgjast. DNT si merkehandbok er og veldig god for dei som har tilgang til den.
- Ein må unngå for mykje merking. Halde talet på merka ruter på eit fornuftig nivå, og unngå overmerking på dei rutene som er. Overdriven merking vil «nedgradere» området.

Tiltak som krev transport i området bør planleggast og settast i gong so tidleg som muleg på året, slik at ein får utnytta snøføre for snøskuter. Ofte er det mest praktiske og skånsame transportmåte.

Det bør jobbast med betre skilting av verneområdet frå bilveg/gjennomfartsvegar.

Det bør jobbast med å samle inn og sikre stadnamn i landskapsvernområdet.

6. Ymse

Ingen saker

Møtet slutt om lag kl 16.30

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift